



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal


Tingvoll, 29. april 2016

NVE

HUBROTILTAK – FORBOD MOT PIGGISOLATORAR

Det er frå tid til annan merksemd rundt at hubro blir drepne av kraftliner. Det gjeld både ved kollisjonar og "grilling" (elektrokusjon), og utgjer ein vesentleg tapsfaktor. Dette er truleg viktigaste årsak til at hubroen er forsvunne over store område, mellom anna i Midt-Norge.

Det er prisverdig at avbøtande tiltak no er i gong, med særleg vekt på å isolera mot straumstøyt for fugl som postere på traversar/trafoar. Vi meiner likevel det må kunne gjerast vesentleg meir, og vil i denne samanheng etterlysa eit forbod mot nybygging (og ombygging) med piggisolatorar, truleg den mest utbreidde dødsfella for hubro. Eitersom alternative og meir skånsame løysingar for luftline finst (t.d. hengeisolatorar), verkar det meiningslaust framleis å bygge med piggisolatorar.



Nye, høge piggisolatorar er truleg endå verre for hubroen enn dei gamle.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

Naturvernforbundet vil med dette oppmoda NVE til å revidere regelverk og instruksar rundt bruk av piggisolatorar. Etter vår oppfatning er det nødvendig for å følgje opp tilrådingar i Bonn/Bernkonvensjonen. Lov om naturmangfald (§67) gir elles høve til å gjere endringar i alt gjeldande regelverk når ny kunnskap gjer det nødvendig.

Med vennleg helsing

Øystein Folden
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kopi:
Miljødirektoratet
Norsk Ornitologisk Forening